



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Vestnes kommune  
Rådhuset  
6390 Vestnes

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref:                         | Vår saksbehandlar:                  | Vår dato:  |
|-------------|--------------|----------------------------------|-------------------------------------|------------|
| 2018/611    | 12.10.2018   | 114421/2018/REGULERINGSPLAN/1535 | Anders Smith-Øvland,<br>71 28 02 41 | 23.11.2018 |

## **Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsendring Slutåshaugen - gbnr 60/7 fråsegn ved offentlig ettersyn**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Planfagleg vurdering**

#### Planomtale og struktur

Alle planforslag skal ved offentlig ettersyn ha ein planomtale som beskriv formål, hovudinnhald og verknader, samt planen forhold til overordna rammer og retningslinjer.

Det meste ein kan forvente er med i planomtalen. Vi kunne likevel ønskja oss at kapittelet «Verknader av planen» var noko meir systematisk strukturert. Punktlista i § 21, i forskrift om konsekvensutgreiing, for å omtale vesentlege verknader for miljø og samfunn, kan med fordel bli nytta som grunnlag for ein slik systematisk struktur.

#### Vurderingar av verknader

Kapittelet «Verknader av planen» bør og bli meir planfagleg og objektivt utforma. Til dømes er tiltakshavar sine personlege meiningar subjektive og ein trengs ikkje å vise til desse når ein skal synleggjere verknader av planforslaget.

Vi vurderer vidare at verknadene for allmenta vil bli noko endra som følgje av endring frå «turistanlegg utleiehytter» i gjeldande plan til «fritidsbustad» i det nye planforslaget. Vi er samd i at skilnaden ikkje er like stor som ved endring frå «naust» til «fritidsbustad», ut frå opphaldsfunksjonen, men legg til at vurderingane kunne her ha fanga opp nyanseskilnaden mellom eit turistanlegg som er open for publikum å leige og private fritidsbustaden, som i større grad vil privatisere strandsona.

### **KONKLUSJON**

Vi viser til saksutgreiinga ovanfor og ber om at våre merknader vert vurdert i det vidare planarbeidet.

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

*Brevet er elektronisk godkjent og vil ikke bli sendt i papir*

Kopi:  
Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal